

## Møtereferat

Dato: 08.05.2017

Emne:	<b>Samarbeidsmøte med dei politiske ungdomspartia</b>	
Til stades:	Unge Høyre v/ Lasse Fredheim, Sosialistisk ungdom v/ Audun Syltevik, Grønn ungdom v/ Øyunn Stokkeland Kåset, KrFU/ Emma Løvås Akyeampong, Senterungdommen v/Erlend Myrhauge, Unge venstre v/Tobias Bashevkin, Rød ungdom v/ Eirik S Wichstad, AUF v/ Andreas S Jansen.	
Forfall:	FrpU	Sak: 2017/1202-10
Møtetid:	11-12.16	Møtestad: Møterom 616 Fylkeshuset

**Møteleiar:** Berit Nyland

**Referent:** Berit Nyland og Astrid Synnøve Hjellbakk

### Orientering:

Udir tilrår følgjande opplegg for valkampen i samband med politisk skuleval: innleiande debatt på max 90 minutt med påfølgjande valtorg på ca. 30-60 min. Dette er eit opplegg som er drøfta med dei politiske ungdomspartia på nasjonalt nivå og Elevorganisasjonen. Ein rår til at dei partia som fekk 1 prosent oppslutning ved forrige skuleval får stille til debatten. Partia bør få vite aktuelle tema på førehand, men desse bør ikkje overskygge ein generell politisk debatt. Tema som er valde på førehand må sendast ut til partia i god tid før debatten. Skuleigar har tett kontakt med skulane i høve koordineringa av valkampen. Friskulane vert informerte om alt som har med politisk skuleval å gjere.

Det er utarbeidd ei kontaktliste med namn og kontaktopplysningar for ansvarleg for skulevalet ved skulane. Denne er vidareformidla til partia. Liste med kontaktinformasjon for partia vert sendt ut til skulane.

### Sak 1: Plan for gjennomføring

I plan for gjennomføring av dei politiske skuledebattane har administrasjonen tatt med innspela frå evalueringsmøtet mellom skuleigar og partia etter skulevalet i 2015. Ein har m.a. gjort eit forsøk på å auke tal på felles arrangement mellom nærliggjande skular. Målet er at alle parti skal rekkje innom dei fleste skulane i løpet av valkampen. Partia kommenterte at det er naudsynt å understreke ovanfor skulane at tidspunktet for arrangementet er absolutt og at det ikkje er rom for endringar underveis. Ein ønska å spreie skulane i Bergen sør over fleire dagar. Endringa vart teke til etterretning og redigert inn i plana.

Vedtak: Plan etter innspel vart godkjend som den føreligg.

### Sak 2: Gjennomføring av debatt

Partia ser helst at skulane nyttar elevar til debattleiing. Isåfall er det naudsynt at vedkomande elev får opplæring i dette. Det kan òg vere greit å ha ein meir røynd debattleiar i bakhand. Det vart understreka at debattleiar må framstå som politisk nøytral. Møteleiar skal slå ned på krenkingar og hindre personangrep. Det var semje om visse retningslinjer for partirepresentantane. Ein var samde om at det er viktig å oppdre med respekt ovanfor sine partifeller og tilhøyrarar. Ein bør vere merksam på m.a. språkbruk, åtferd og etterstrebe ein sakleg debatt. Representantane frå partia bør vere ungdomsrepresentantar. Ein rår til ei øvre aldersgrense på 35 år for paneldeltakarane. Partiarådar vidare til at elevane bør førebu spørsmål til både debatt og valgtorg.